

---

Arkivkode:

Saksnummer: 2015/3180

---

---

Orienteringssak: **b**

Møte: 10. desember 2015

---

---

## Rekneskapsrapport per november 2015

---

### Bakgrunn

Kostnadane har vore omtrent lik inntektene på grunntildelinga (GB), og hittil i år er overføringane dermed på same nivå som ved inngangen til 2015. Inntektene har vore noko høgare enn budsjettert, medan kostnadane har vore lågare. Prognose for overføring til 2016 er 10 mill. kroner, og fakultetet ventar altså at kostnadane vil vere høgare enn inntektene i desember.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har per november vore på ca. 321 mill. kroner, som er ca. 11 mill. kroner lågare enn budsjett, men ein auke på ca. 11 mill. kroner (3,4 %) samanlikna med same periode i fjor. Avviket frå budsjett skuldast hovudsakeleg NFR-bidragsaktivitet, medan auken frå 2014 i stor grad skuldast EU-bidragsaktivitet. Aktivitetsprognosen på 357 mill. kroner viser at fakultetet ventar at aktiviteten vil verte lågare enn budsjettert. Innbetalingane frå BOA har per november vore tydeleg høgare enn både budsjettert og samanlikna med 2014. Innbetalingsprognosen på 376 mill. kroner viser at fakultetet ventar at innbetalingane for året sett under eitt også vil vere høgare enn budsjettert. Fakultetet ventar per november å auke overføringane på BOA i 2015.

### Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er prega av at det tek tid å tilpasse seg ein situasjon der ein stadig større del av inntektene vert konkurranseutsett. Fakultetet har fokus på å betre økonomistyringa og har mellom anna satt i gang prosess knytt til å oppnå ein berekraftig fakultetsøkonomi med langsiktig perspektiv. Per november er prognose for overføring på GB auka til 10 millionar kroner, men fakultetet ventar også å overføre forpliktingar knytt til forseinkingar i BOA og innkjøp av utstyr som overgår overføringa.

Svingingar i EU-innbetalingar har dei siste åra ført til store svingingar i resultatutsette inntekter knytt til forskning (RBO). Etter nedgang i EU-innbetalingar i 2014, har fakultetet auka innbetalingar i 2015. Det er vanskeleg å anslå nøyaktig effekt av dette, pga. lukka budsjetttramme for EU-indikatoren og varsla endringar i resultatmodellen frå 2017. Fakultetet ventar likevel auka utteljing knytt til EU-indikatoren i budsjettet for 2017.

Fakultetet har i 2015 tydeleggjort sine bidrag inn mot BOA, med sikte på å gi insentiv til auka BOA.

### Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per november 2015 til orientering.

Bergen, 9. desember 2015


Elisabeth Müller Lysebo  
Fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per november 2015


# Økonomirapport MN per november 2015

## 1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per november 2009-2015




Figur 2 Utvikling BOA per november 2009-2015



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per november i perioden 2009-2015, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 4,7 % per november i perioden 2009-2015, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg auka på 5,9 % i same periode. På årsbasis er prosentvis vekst i perioden 4,5 % for både GB og BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2015. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Innkjøp av tungreknemaskin førte til høg aktivitet i 2012, og per november 2015 er aktiviteten på same nivå som per november 2012. NFR-bidragsaktiviteten er høg, pga. innkjøp av nasjonal infrastruktur, men lågare enn i same periode i 2012. EU-bidragsaktiviteten er per november tydeleg høgare enn den har vore tidlegare i perioden.

Per november 2015 kjem 36,7 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 37,1 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadar GB og BOA per institutt per november 2015



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Institutt for fysikk og teknologi (IFT) og Institutt for geovitenskap (GEO) er 50 % eller meir av aktiviteten finansiert av BOA. Ved Geofysisk institutt (GFI) er litt under halvparten av aktiviteten finansiert av BOA per november.

## 2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per november 2015 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr november 2015	Rekneskap pr november 2015	Avvik pr november 2015	Avvik %	Rekneskap pr november 2014	Endring frå november 2014
Inntekter frå KD		-596 758	-539 738	-540 095	357	0,1 %	-510 031	5,9 %
Andre inntekter		-14 000	-4 874	-13 529	8 655	177,6 %	-14 314	-5,5 %
<b>Inntekter</b>		<b>-610 758</b>	<b>-544 611</b>	<b>-553 623</b>	<b>9 012</b>	<b>1,7 %</b>	<b>-524 344</b>	<b>5,6 %</b>
Investeringar		25 482	10 997	10 777	219	2,0 %	10 410	3,5 %
Lønskostnadar		467 086	422 993	416 084	6 909	1,6 %	394 655	5,4 %
Andre driftskostnadar		83 871	81 920	78 579	3 341	4,1 %	77 347	1,6 %
Internhandel med meir		50 140	61 035	48 446	12 589	20,6 %	55 737	-13,1 %
<b>Kostnadar</b>		<b>626 579</b>	<b>576 944</b>	<b>553 886</b>	<b>23 058</b>	<b>4,0 %</b>	<b>538 149</b>	<b>2,9 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>15 821</b>	<b>32 333</b>	<b>263</b>	<b>32 070</b>		<b>13 805</b>	
Saldo overført frå forrige år		-15 821	-15 821	-15 821	0		-28 174	
Saldo overført til neste periode	10 000	0	-16 512	15 559	-32 071		14 369	
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Driftsresultatet på GB er per november på ca. 263 000 kroner, og fakultetet har dermed overføringer på ca. 15,6 millionar kroner per november.

Inntektene på GB er per november ca. 9,0 millionar kroner (1,7 %) høgare enn budsjettet, og ca. 29,3 millionar kroner (5,6 %) høgare enn på same tid i fjor. Det er eit mindre, positivt periodeavvik i inntektene frå KD, og fakultetet har per november ikkje inntektsreduksjon knytt til lediggang i rekrutteringsstillingar. Andre inntekter har vore ca. 8,7 millionar kroner høgare enn budsjettet. Delvis skuldast dette periodeavvik, men instituttinntektene ventast å verte noko høgare (ca. 18 mill.kr) enn budsjettet for året sett under eitt.

Kostnadane på GB har per november vore ca. 23 millionar kroner (4,0 %) lågare enn budsjettet. Dette skuldast i stor grad tekniske feil i budsjettet, og for året sett under eitt ventast det at avviket vil verte reduserte. I desember ventar fakultetet at kostnadane vil vere høgare enn inntektene, og at driftsresultatet for året sett under eitt altså vil vere negativt.

Samanlikna med same periode i fjor, har lønnskostnadane på GB auka med 5,4 % og lønnskostnadane utgjer dermed 75,1 % av kostnadane per november 2015, mot 73,3 % per november 2014. Netto inntekter frå BOA til GB (netto overhead, frikjøp og leigestadsinntekter) har auka med ca. 14 millionar kroner samanlikna med same periode i fjor.

Fakultetet har per november prognose for overføring til 2016 på 10 millionar kroner. Samtidig ventar fakultetet å overføre forplikingar som overgår overføringane, hovudsakeleg knytt til eigenandelar til BOA, men også til utstyr. Tilbakemeldingane frå institutta tyder per november på at fakultetet vil overføre forplikingar knytt til sentre, ERC-prosjekt, Elixir.no og infrastruktur på totalt ca. 24 millionar kroner.

På motpart 81 har avskrivningane vore ca. 4,3 mill. kroner høgare enn investeringane. Investeringane har vore ca. 5,2 mill. kroner høgare enn i same periode i fjor, hovudsakeleg pga. innkjøp av ROV ved GEO, medan avskrivningane har auka med ca. 4,8 mill. kroner samanlikna med same periode i fjor.



Samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har vore ca. 11,5 millionar kroner (3,4 %) lågare enn budsjettert per november, på grunn av at NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har vore lågare enn budsjettert. Annan bidragsaktivitet har på si side vore noko høgare enn budsjettert. Avviket i NFR-bidragsaktivitet er i stor grad knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur og skuldast mellom anna at innkjøp av NMR-maskin ikkje vil verte gjennomført før i 2016. Ei mindre NMR-maskin, som er del av eigenandelen på prosjektet, ventast derimot levert i inneverande år. Ved GEO har det vore aktivitet knytt til innkjøp til ROV og EARTHLAB, men noko mindre enn budsjettert per november. Det er usikkerheit knytt til leveringstidspunkt, og instituttet melder at det er mogeleg at noko av aktiviteten ikkje kjem før i 2016.

Samanlikna med same periode i fjor har aktiviteten auka med ca. 10,6 millionar kroner (3,4 %), og det skuldast auke i innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet.


Innbetalingane frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har per november vore ca. 57,7 millionar kroner (23,7 %) høgare enn budsjettert og ca. 51,4 millionar kroner (20,6 %) høgare enn i same periode i fjor. Innbetalingane har per november vore høgare enn budsjett og høgare enn på same tid i fjor for alle finansieringskjeldene, unntatt innbetalingar frå NFR-bidragsaktivitet, som har vore noko lågare enn budsjettert per november. Innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet har per november vore langt høgare enn venta, mellom anna pga. sluttutbetaling på ERC-prosjekt ved Institutt for biologi (BIO), og utbetalingar til nye prosjekt, som var venta fyrst i 2016, samt høgare innbetalingar enn venta til eit par prosjekt.

På grunn av at aktiviteten har vore lågare og innbetalingane høgare enn budsjettert, er overføringane på BOA per november på ca. 70,0 millionar kroner. Dette er ca. 69,2 millionar kroner høgare enn budsjettert, og ca. 9,8 millionar kroner (16,2 %) høgare enn på same tid i fjor.

**Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per november 2015 (tal i 1000 kr)**

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	11	525	0	110	-1	44	1 579	0	2 269
2. NFR - bidragsaktivitet	0	11 062	10 157	36 177	10 177	7 554	23 608	48 491	37 082	1 541	185 849
3. EU - bidragsaktivitet	0	310	5 311	7 891	1 157	-375	6 456	10 203	9 314	0	40 268
4. Annen bidragsaktivitet	3 673	5 914	5 717	16 824	2 214	6 162	9 194	30 011	12 423	0	92 132
<b>Sum</b>	<b>3 673</b>	<b>17 286</b>	<b>21 196</b>	<b>61 418</b>	<b>13 548</b>	<b>13 451</b>	<b>39 257</b>	<b>88 749</b>	<b>60 399</b>	<b>1 541</b>	<b>320 517</b>
Prosent av samla BOA	1,1 %	5,4 %	6,6 %	19,2 %	4,2 %	4,2 %	12,2 %	27,7 %	18,8 %	0,5 %	100,0 %

**Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per november 2015 (tal i 1000 kr)**



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per november 2015. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan oppdragsaktiviteten har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Størst aktivitet har det vore ved GEO, IFT og BIO, og desse institutta står per november for 65,7 % av samla aktivitet ved fakultetet.

**Tabell 4 Utvikling i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet 2013-2015 (tal i 1000 kr)**

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Prognose 2015
<b>Tilskot/Innbetalningar</b>					
	Norges forskingsråd	-180 711	-196 422	-230 000	-245 000
	EU	-50 392	-24 966	-32 000	-35 000
	Andre bidrag	-139 622	-99 435	-83 000	-90 000
	Oppdrag	-6 671	-4 669	-3 000	-6 000
	<b>Sum</b>	<b>-377 395</b>	<b>-325 492</b>	<b>-348 000</b>	<b>-376 000</b>
<b>Aktivitet/kostnader</b>					
	Norges forskingsråd	156 160	216 372	245 000	215 000
	EU	23 910	30 674	33 500	42 500
	Andre bidrag	110 448	104 257	96 000	96 000
	Oppdrag	5 872	5 295	4 500	3 500
	<b>Sum</b>	<b>296 389</b>	<b>356 599</b>	<b>379 000</b>	<b>357 000</b>
<b>Saldo overført frå forrige år</b>					
	Norges forskingsråd	-2 057	-31 231	-10 308	-10 308
	EU	-10 793	-35 456	-31 055	-31 055
	Andre bidrag	-19 676	-49 277	-44 192	-44 192
	Oppdrag	-3 564	-4 364	-3 737	-3 737
	<b>Sum</b>	<b>-36 091</b>	<b>-120 328</b>	<b>-89 292</b>	<b>-89 292</b>
<b>Saldo overført til neste periode</b>					
	Norges forskingsråd	27 599	11 280	-4 692	40 308
	EU	37 276	29 749	29 555	23 555
	Andre bidrag	48 850	44 455	31 192	38 192
	Oppdrag	4 364	3 737	2 237	6 237
	<b>Sum</b>	<b>118 089</b>	<b>89 221</b>	<b>58 292</b>	<b>108 292</b>
<b>Sum</b>		<b>991</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Fakultetet har budsjettert med bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet på 379 millionar kroner i 2015, og innbetalningar frå denne aktiviteten på 348 millionar kroner. Som vist i prognose 2015 ventast aktiviteten å verte lågare enn budsjettert, medan innbetalingane ventast å verte høgare. Prognose for innbetalningar er auka med 19 millionar kroner sidan førre rapportering, medan prognose for aktivitet er redusert med 7 millionar kroner.

Fakultetet held fast på prognosen for annan bidragsaktivitet, aukar prognosen for EU-bidragsaktivitet, og reduserer prognosane for NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet. Fakultetet har gjennom heile året meldt at NFR-bidragsaktivitet ventast å verte lågare enn budsjettert pga. at NMR-maskin ved Kjemisk institutt (KI) ikkje ventast levert før i 2016. Prognosane frå institutta tyder per november på at aktiviteten vil verte endå litt lågare enn prognosen tidlegare har tatt høgde for. Tilbakemeldingane frå institutta tyder også på at oppdragsaktiviteten vil verte noko lågare enn budsjettert. Frå mai har fakultetet meldt at EU-bidragsaktiviteten ventast å verte høgare enn budsjettert, og prognosen aukast ytterlegare per november, mellom anna pga. kostnader til tokt på ERC Ice2ice ved GEO.

Innbetalningane frå EU-bidragsaktivitet, annan bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet er per november høgare enn årsbudsjett. Fakultetet har tidlegare meldt om forventa innbetalningar frå EU-bidragsaktivitet som er lågare enn budsjettert og innbetalningar frå annan bidragsaktivitet lik budsjett. Innbetalingsprognosane aukast per november for alle desse finansieringskjeldene. Auke i innbetalningar frå EU skuldast at innbetalingane i november har vore langt høgare enn venta i stor grad pga. innbetalningar på prosjekt som ikkje venta innbetaling før over årsskiftet. Det er vanskeleg å vite når EU-innbetalningane kjem og det er framleis noko usikkerheit i prognosen. Innbetalingane til NFR-bidragsaktivitet ventast framleis å verte høgare enn budsjett, pga. innbetaling til nasjonal infrastruktur.

Etter justering av prognosane er prognose for innbetalningar 19 millionar kroner høgare enn aktivitetsprognosen. Fakultetet har tidlegare meldt at overføringane på BOA ventast å vert reduserte i 2015, men siste endring i prognosane tyder på at overføringane vil auke i 2015.

Det er framleis meir usikkerheit enn ønskjeleg knytt til prognosane på BOA gjennom året, og fakultetet har gjennomført fleire tiltak med sikte på å betre treffsikkerheita i prognosane.

## 4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

Prognose for overføring til 2016 på GB for SKD er auka noko, til 9,5 millionar kroner, fordi ein ventar ytterlegare forseinkingar. Senteret overførte 16,8 millionar kroner frå 2014, og SKD melder at styret for senteret har godkjent auka forbruk i 2015 og 2016 med formål om å bygge ned overføringane.

## 5. Vedlegg

### 5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildeling (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).